



Årsmelding 2021

La oss gjenvinne meir



## Selskapet sitt føremål

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS (ÅRIM IKS) var i 2021 egd av kommunane Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ålesund. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjartalet i kvar kommune.

Selskapet sin administrasjon ligg i Ålesund kommune. Hovudføremålet med selskapet i 2021 var å utføre eigarkommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall frå hushald og slam frå mindre avløpsanlegg i samsvar med sentrale og lokale miljømål.



## Aktiviteten i 2021

Selskapet hadde i 2021 ansvar for innsamling av restavfall, matavfall, papir og plastemballasje samt glas- og metallemballasje frå hushalda i regionen, dette arbeidet blei i hovudsak utført med eigne tilsette og materiell.

Selskapet hadde også ansvaret for innsamling av slam frå separate avløpsanlegg i regionen, dette arbeidet blei utført av Norva 24 AS. ÅRIM IKS hadde dessutan ansvaret for ni bemanna gjenvinningsstasjonar i Ålesundregionen. Tre av stasjonane blei drivne med eigne tilsette, på dei øvrige stasjonane hadde ÅRIM IKS avtalar med eigarkommunar eller private verksemder om drifta.

Det har vore felles retningslinjer for levering i alle eigarkommunane, alle innbyggjarane i Ålesundregionen kan levere avfall til alle gjenvinningsstasjonane. Alle hushaldsabonnentar har fått tilsendt eit miljøstasjonkort som gir rett til fri levering av ei avgrensa mengde avfall til sortering. For levering ut over denne kvota blir det kravd inn betaling.

Renovasjon for fritidsbustader inngår som ein del av dei lovpålagde oppgåvene som ÅRIM IKS utførte på vegne av kommunane. Selskapet arbeidde i 2021 for å innføre eit tilbod med fullt kjeldesorteringstilbod for fleire fritidsbustader.



Kildesortering for fritidsbustader. Her på Fauskaskiftet på Fjellsætra.

ÅRIM IKS utførte renovasjonstenester for mange av verksemndene til eigarkommunane. Når ÅRIM IKS utførte denne type oppgåver for eigarkommunane, har dette blitt utført i utvida eigenregi, og prisen ÅRIM IKS har fakturert verksemndene reflekterte dei kostnadene selskapet hadde ved å utføre tenestene.

Selskapet utførte også avfalls- og slamtenester for private verksemder. Innhaldet i næringstilbodet har vore tilnærma likt tilbodet til hushaldskundar, med liten grad av tilpassingsmogleheter. Omfanget av tenester til private verksemder var avgrensa.

## Nasjonal renovasjonsbenchmark

ÅRIM IKS deltok i den nasjonale renovasjonsbenchmarkinga i 2021. Dette er ei årleg samanlikning av renovasjonsselskap innanfor kostnadseffektivitet, gebyrnivå, arbeidsmiljø, miljøprestasjonar, tenestetilbod og omdømme.

ÅRIM IKS oppnådde her gode eller svært gode prestasjonar på fire av seks område. Som del av samanlikninga blei det i 2021 gjennomført ei kundeundersøking. ÅRIM IKS oppnådde her samla kundetilfredsheit på 76 %, ein nedgang frå 77 % i førre undersøking. Kundane i Ålesundregionen var særleg nögd med miljøstasjonane, innsamlingstenestene, oppsamlingsordninga heime, informasjonen frå selskapet og det totale omdømmet til selskapet.

Selskapet handterte totalt 47 080 tonn avfall i 2021, marginalt mindre enn i 2020. Av dette kom 26 080 tonn frå innsamlingsaktivitetane medan 21 000 tonn kom frå dei ni miljøstasjonane. 89 prosent av avfallet var hushaldsavfall, dette tilsvarar 394 kg avfall per årsinnbyggjar.

50 prosent av avfallet blei levert til energigjenvinning, 40 prosent blei levert til materialgjenvinning og 3 prosent av avfallet blei levert til deponi. 5 prosent av avfallet var miljøfarleg avfall som blei levert til ulike former for destruksjon, medan under ein prosent gjekk til gjenbruk.

Selskapet tømde slam frå totalt 3 969 slamanlegg i 2021. Slammet ÅRIM IKS tømde blei kompostert og nytta til jordforbetring.

## Konsekvensar av Covid 19-pandemien

Smitteverntiltak på miljøstasjonane og i administrasjonen som blei innførte i 2020 var vidareførte i 2021. Selskapet følgde her lokale tiltak og anbefalingar. Renovasjonstenesta blei gjennomført som planlagd i heile 2021.

Det har ikkje vore gjennomført permitteringar eller oppseiingar som følgje av pandemien. Det er heller ikkje merkbare utslag på sjukefråvær. Den auka bruken av miljøstasjonane heldt fram i 2021. Det var nokre fleire kunder som nytta miljøstasjonane, men det blei levert litt mindre avfall per levering enn før pandemien starta.

Det var i 2021 planlagd og inngått avtalar om kjøp av elektriske renovasjonsbilar. På grunn av pandemien blei desse forseinka og først levert i 2022.

## Framtidsutsikter

Eigarkommunane til ÅRIM IKS vedtok våren 2021 ein intensjonsavtale der målet var å samle aktivitetane i ÅRIM IKS og Bingsa Gjenvinning-konsernet under eitt felles selskap. Dette blei vurdert som ei naturleg vidareutvikling av samarbeidet kommunane i Ålesundregionen innleia ved etableringa av ÅRIM IKS.

Hausten 2021 blei eigarkommunane samde om at det samanslårte selskapet skulle vere eit aksjeselskap. Det blei også avklart korleis samanslåinga skulle gjennomførast, og det blei fastsett mål for det samanslårte selskapet.

Frå 1. januar 2022 er verksemda i ÅRIM IKS difor overdratt til to selskap; ÅRIM AS og Bingsa Gjenvinning Næring AS. Som oppgjer har ÅRIM IKS mottatt aksjar i Bingsa Gjenvinning AS. ÅRIM IKS er planlagd avvikla i 2022, medan ÅRIM AS vidarefører dei oppgåvane ÅRIM IKS har hatt i 2021.



## RESULTAT OG UTVIKLING

### Inntekter

Selskapet hadde totalt inntekter på 172 680 381 kroner i 2021 mot 165 638 983 kroner i 2020. Av inntektene kom 146 709 108 kroner fra hushaldsrenovasjon og slamtøming som eigarkommunane fakturerer abonnentane. I tillegg var finanspostane positive med 466 185 kroner.

### Kostnader

Driftskostnadene for året var 157 319 460 kroner, mot 173 498 735 kroner i 2020. Varekost (innsamling, gjenvinning, sluttbehandling og materiell) var på 69 758 971 kroner, mot 88 167 764 kroner i 2020.

Nedgangen skuldast dels längre tømmeaktivitet på slam, dels at det var ekstraordinære kostnader i 2020.

Kostnadene til løn og honorar var 46 359 740 kroner, mot 42 992 741 kroner i 2020.

### Resultat

Resultatet etter skatt er 15 468 882 kroner, mot minus 7 403 404 kroner i 2020. Budsjettet resultat var på pluss 261 980 kroner.

### Investeringar

Selskapet investerte for totalt 15 488 917 kroner netto i 2021. Det er kjøpt avfallsbrønnar for til saman 4 963 583 kroner. Det er kjøpt køyretøy og maskiner for til saman 9 840 178 kroner. Det er bokført samla tap ved avgang av anleggsmiddel på 451 450 kroner. Det blei ikkje tatt opp lån for å finansiere investeringane i 2021.

### Likviditet

Likviditeten i selskapet var god i 2021. Dette skuldast at kommunane fakturerte forbrenningskostnadene tidleg i 2022 og at det har tatt tid å få på plass eit oppgjør av tenester som er levert. Det er lite samsvar mellom når inntektene blir innbetalt og når kostnadene blir betalt. Dette gjer at det er betydelege svingingar i løpet av året i likviditeten. Selskapet har no drive fleire år med längre inntekter enn kostnader. Dette gjer at likviditeten blir dårlegare med tida.

## Næringsverksemd og skatt

Resultatet for næringsverksemda var i 2021 før skatt 1 628 288 kroner.

Etter skatt var resultatet 1 270 065 kroner.

Netto endring i kontantstraum i løpet av året er minus 0,7 millionar kroner. Det er eit resultat på pluss 29,7 millionar kroner frå operasjonelle aktivitetar, netto 15,3 millionar kroner er brukt på investeringar. Frå finansieringsaktivitetane er det ein effekt på minus 15,3 millionar kroner.

## Analyse

Resultatet for selskapet er 15,2 millionar kroner bedre enn budsjett. Dette skuldast fleire forhold.

Inntektene er om lag 8,2 millionar kroner høgare enn budsjett. Dette skuldast at inntektene på hushaldsrenovasjon var 5,0 millionar kroner høgare enn budsjett, medan inntektene på slam var 2,2 millionar kroner høgare enn budsjett. Det var 0,7 millionar kroner meir i næringsinntekter.

Hovedgrunnen til det gode resultatetskuldastat marknadsprisane på papir, papp og metall har stege kraftig i samband med pandemien.

Varekosten var 2,2 millionar kroner over budsjett. For næring er varekost 0,6 millionar kroner over budsjett. Slam er 0,7 millionar kroner over budsjett. For hushaldrenovasjon er varekost 0,9 millionar kroner over budsjett.

Personal- og driftskostnader er 8,1 millionar kroner under budsjett. Løn er 1,1 millionar kroner under budsjett. Det er større positive avvik mot budsjett på de fleste postane. Dette skuldast redusert aktivitet på grunn av pandemien og auka kostnadsfokus. Det er gjort avsetningar i rekneskapen for kjente krav.

Netto endring i kontantstraum i løpet av året er minus 0,7 millionar kroner. Det er eit resultat på pluss 29,7 millionar kroner frå operasjonelle aktivitetar, netto 15,3 millionar kroner er brukt på investeringar. Frå finansieringsaktivitetane er det ein effekt på minus 15,3 millionar kroner.

## SJØLVKOST

Dei lovpålagte oppgåvane ÅRIM utfører på vegne av kommunane; innsamling av hushaldsavfall og tömming av separate slamanlegg, skal utførast til sjølvkost.

Sjølvkost vil seie at abonnentane skal betale meirkostnaden ved å produsere ei teneste. Selskapet skal gå i økonomisk balanse på sjølvkosttenestene. Sjølvkostresultatet blir berekna etter reglar for berekning av kommunale gebyr.

Desse reglane avvik frå rekneskapsresultatet for tenestene. Sjølvkostresultatet blir overført til utjamningsfond og sjølvkostfond. Differansen mellom sjølvkostresultat og rekneskapsresultat desse blir tilført, eller trekt, frå annan eigenkapital.

Det er ikkje lov å bruke sjølvkostmidlar til andre oppgåver, det er heller ikkje lov å subsidiere sjølvkosttenestene med andre midlar. Selskapet må ha eigenkapital til å dekke differansar mellom sjølvkost og rekneskapsresultat. Desse differansane kan vere både positive og negative. Forskrift for sjølvkost gjeldande frå 1.1.2020 er nytta.

Forskrifta tilsvrarar retningslinjene for berekning av sjølvkost som ÅRIM har nytta tidlegare.

Sjølvkostresultatet for renovasjon var 9 429 784 kroner i 2021 mot minus 4 517 404 kroner kroner i 2020. Differansen mellom rekneskapsresultatet og sjølvkostresultatet for hushaldsrenovasjon i 2021 var 1 016 866 kroner.

Sjølvkostresultatet for slamtømming var 3 799 300 kroner i 2021 mot minus 3 614 401 kroner i 2020. Differansen mellom rekneskapsresultatet og sjølvkostresultatet for slamtønuning i 2020 var 76 979 kroner.


## NÆRINGSVERKSEMD

ÅRIM skil mellom tenester som er sjølvkosttenester (tenester til handtering av hushaldsavfall og slam) og tenester som ikke er sjølvkosttenester. Det skal ikke vere noko kryssubsidiering mellom dei ulike tenestene.

For ÅRIM er renovasjon og slamtøming til næringskundar næringsverksemd og dermed ikkje ein del av sjølvkosttenestene. Resultatet for næringsverksemda er skattepliktig. Der inntekter og kostnadar ikkje kan førast direkte til ei av tenestene blir dei fordelte, basert på nøklar.

Nøklane er mellom anna baserte på kor mange og kor store behaldarar selskapet har tømt, talet på kundar og administrasjonen sin tidsbruk. ÅRIM si næringsverksemd er i hovudsak innsamling av næringsavfall i eigenregi, innsamling av næringsavfall på vegner av kommunane, gjenvinningsstasjonstenester, tøming av slamtankar og sal av avfall verksemder har levert inn.

ÅRIM fakturerer næringskundar på slamområdet etter tøming. Erfaringa er at kundane er nøgde med denne ordninga. I økonomiplanen for selskapet ligg det ikkje inne ei auka satsing på tenester til næringskundar.



## FINANSIELL RISIKO

Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet var tilfredsstillende til å handtere dei oppgåvane selskapet utførte i 2021. Ved utgangen av 2021 overdrog ÅRIM IKS nesten alle sine pliktar til ÅRIM AS, og ÅRIM AS tok også på seg den økonomiske risikoen for dei pliktene som låg igjen i selskapet.

Sidan hovedaktiviteten i ÅRIM AS er lovpålagde tenester som blir utført for konununane og som er gebyrfinansierte og regulert av sjølvkostreglane og reglar om legalpart, er kreditrisikoene og risikoen for framtidige resultat liten. Ved endringar i rentenivå og likviditetsbehaldninga kan det oppstå differansar mellom sjølvkostrekneskapen og rekneskapsresultaten som må dekkast av eigenkapitalen i selskapet. Denne risikoen blir vurdert som liten ved dagens gjeldsbelastning.

## MARKNADSRISIKO

ÅRIM IKS sine kostnadane og inntekter var, i tillegg til utviklinga i konsumprisindeksen og transportindeksane til Statistisk Sentralbyrå, også avhengig av prisen på avfallsbaserte råvarer, valutakursar og råvarereprisar. Ved utgangen av 2021 hadde ÅRIM IKS liten moglegheit til å påverke kostnadane for sortering og miljøstasjonster. ÅRIM IKS hadde likevel ikkje sett det som nødvendig å gjere ekstraordinære sikringar av desse.

## ANNAN RISIKO

ÅRIM IKS var avhengig av avtalar med forutsigbare og konkurransedyktige vilkår for å kunne drive effektivt og halde utviklinga i gebyra nede. Det var nødvendig for ÅRIM IKS å ha kontroll på kostnadene selskapet blir påført.

Pandemien og krigssituasjonen i Ukraina vil fortsett kunne påverke drifta som no er overtatt av ÅRIM AS. Dette gjeld både inntekter og kostnader. Truleg vil dette føre til fortsett høge inntekter for papir, papp og metall. Prisane for drivstoff er usikre, men vil truleg vere høgare enn budsjett i 2022.

Datetryggleik er viktig. ÅRIM AS vil kunne drifte tenestene i ei periode utan tilgang til datasystem. I driftsavtalane for IKT er det tatt høgde for at system kan bli sett ut av drift for ei periode.

Utviklinga i lover og krav frå myndigheter og innbyggjarane til handtering av avfall og slam behandling krev nye løysingar. Dette kan føre til auka kostnader. Pandemien har ført til ein uventa auke i avfallsmengdene. Det er uklart om auken vil fortsette inn i 2022, og kva som vil skje når samfunnet går tilbake til normalen. Auka avfallsmengder fører til auka kostnader.

## FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

I 2018 etablerte Ålesund kommune, med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune, prosjektet Smart Sirkulær By. Her deltok i tillegg til kommunen også NTNU, Tafjord Kraftvarme AS, Bingsa Gjenvinning AS og ÅRIM IKS.

Prosjektet blei avslutta i januar 2020, styringsgruppa er vidareført i 2021 som ein møteplass for å drøfte, styre og sette i gang felles utviklingsprosjekt innan sirkulærøkonomi i regionen. Som del av dette var ÅRIM IKS i 2021 sentrale i eit forprosjekt for etablering av ettersorteringsanlegg i Ålesundregionen.

Dagleg leiar i ÅRIM IKS var i 2021 vore styremedlem i Avfall Norge, i Hold Norge Rent og i Norsk forening for farlig avfall. Dette er bransjeorganisasjonar som arbeider for fagleg utvikling i gjenvinningsbransjen. Selskapet er også deltakar i Avfallsforsk, eit forskingssamarbeid i avfallsbransjen. ÅRIM IKS hadde også sekretariatet til Avfallsforum Møre og Romsdal i 2021.

## SAMFUNNSANSVAR

ÅRIM IKS har innarbeidd omsynet til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og arbeid mot korruption i alle store kontraktar selskapet har inngått. Selskapet har hatt kontinuerleg oppfølging av avvik i eiga verksemd, og det er etablert oppfølging av leverandørane til selskapet med sikte på å få lukka alle avvik. ÅRIM IKS var godkjend lærebodrift og hadde eit mål om å ha to lærlingar i gjenvinningsfaget til einkvar tid. Ved utgangen av 2021 hadde selskapet tre lærlingar.

Som ein del av selskapet sitt ansvar iverksette ÅRIM IKS tiltak for å redusere mogleg diskriminering. Selskapet arbeider aktivt for å auke bruken av norsk språk hos tilsette. I tillegg har ÅRIM IKS samarbeidd med fleire aktørar som driv med arbeidstrening. Erfaringane med dette har vore gode og ÅRIM AS vil halde fram med dette.

## YTRE MILJØ

Selskapet arbeidde systematisk for å redusere miljøbelastinga på tre felt:

1. Ved å gi innbyggjarane i Ålesundregionen eit best mogleg tilbod, for dermed å auke mengdene avfall som går til gjenvinning.
2. Ved å stille strenge krav til leverandørane om åta miljøomsyn ved gjennomføringar av aktivitetar for selskapet.
3. Ved å arbeide for å redusere miljøbelastninga drifta av selskapet gir.

ÅRIM IKS har sidan 2016 vore sertifisert som Miljøfyrtårn. Dette er ei frivillig, internasjonalt akseptert ordning med ekstern sertifisering av miljøstyringa i selskapet og årleg rapportering av eigne miljøprestasjonar. Det er utarbeidd ein eigen miljørapporrt for selskapet for 2021. Selskapet fekk i 2020 tilsegn frå Enova til tilskot til kjøp av to elektriske renovasjonsbilar. Desse blei leverte i 2022.



## ARBEIDSMILJØ OG VERNEARBEID

Det er gjennomført ulike former for HMS-opplæring i selskapet, og det er etablert eige arbeidsmiljøutval. ÅRIM IKS har vore knytt til ei verne- og helseteneste. Det var utarbeid ein handlingsplan for HMS-arbeid i ÅRIM IKS med vekt på å førebygge sjukdom og auke trivsel.

Det blei registrert 41 hendingar i 2021. Det var registrert ein personskade som førte til sjukefråvær i 2021. I tillegg blei det registrert to nestenulukker og ei potensiell alvorleg hending.

Det har i samband med arbeidet med samanslåing med Bingsa Gjenvinning AS blitt lagt vekt på å ha ein open dialog med dei tilsette og informere regelmessig om status.



## PERSONAL

Ved utgangen av 2021 var det 81 tilsette i selskapet, 68 menn og 13 kvinner. Dette inkluderte deltidstilsette.

Det var 23 personar som slutta i 2021, av desse var 8 fast tilsette. Totalt hadde selskapet 58,9 årsverk i arbeid i 2021 mot 62,8 årsverk i arbeid i 2020, dette inkluderer mellombels tilsette.

Sjukefråværet i 2021 var 6,7 prosent, ein auke på 2,4 prosentpoeng frå 2020. Langtidsfråværet (over 10 arbeidsdagar) utgjorde 70,4 prosent av fråværet i ÅRIM i 2021, mot 59 prosent i 2020.

## LIKESTILLING OG IKKJE-DISKRIIMINERING

Styret haddei 2021 fire menn og fem kvinner. Leiargruppa i ÅRIM IKS hadde fire menn og ei kvinne i 2021. Selskapet sin personalpolitikk har vore kjønnsnøytral. Det har ikkje korne tilbakemeldingar på at nokon opplever selskapets personalpolitikk som diskriminerande. Kjønnsbalanse og løn er spesifisert i tabellen under.

	Menn	Kvinner	Totalt
Faste tilsette	49	8	58
Mellombels tilsette	1	0	1
Lærlingar	3	0	3
Vikarar og tilkallingsvikarar	13	4	17
Totalt tilsette	69	13	82
Mellombels tilsette (prosent av totalt tilsette)	1%	0%	1%
Totalt deltidsstillingar	14	4	18
Deltidstilsette (prosent av totalt tilsette)	20%	31%	22%
Tilsette med foreldrepermisjon	0	0	0
Total snitt årsløn (grunnløn)	444 917	502 783	455 184
Snittalder tilsette	45,5	41,5	44,8

Det blei ikkje gjennomført utgreiingar om ufrivillig deltid i 2021. Det er gjennomført risikovurderingar i dei ulike avdelingane, desse har blitt gjennomgått i AMU og leiargruppa.

Dei viktigaste funna er:

- Det er vanskeleg å rekruttere kvalifisert personell innan transport
- Skal ein auke kvinneandelen i bransjen må ein inn på eit tidleg nivå på fagskulane.

Dette skal ein arbeide vidare med saman med liknande selskap framover.

I 2021 var det tre kvinner som søkte på utlyste fagarbeidar- eller renovatørstillingar. Desse hadde ikkje dei etterspurte kvalifikasjonane. Det er satt i gang ulike tiltak for å leggje til rette for betre kjønnsbalanse:

- Garderobe for kvinner som ønskjer å arbeide som renovatørar.
- Fokus på å få rekruttert kvinnelege lærlingar og sommarvikarar.

Det blei ikkje gjennomført utgreiingar om ufrivillig deltid i 2021. Det er gjennomført risikovurderingar i dei ulike avdelingane, desse har blitt gjennomgått i AMU og leiargruppa.



## REPRESENTANTSkap OG STYRE

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det 13 medlemmar frå dei sju eigarkommunane. Representantskapet hadde tre møte i 2021. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret hadde 12 møte i 2021 og behandla totalt 75 saker.

## FORTSATT DRIFT

Verksemda i selskapet blir i 2022 vidareført i ÅRIM AS, som er eit datterselskap i Bingsa Gjenvinning-konsernet. Det blir arbeidd med å avvikle ÅRIM IKS som selskap i løpet av 2022.

## ÅRSRESULTAT OG DISPONERING

Resultatet på 15 468 882 kroner er fordelt på 13 291 151 kroner til utjamningsfond, 2 177 732 kroner på annan eigenkapital. Det er ikkje foreslått å utbetale utbytte.

Av det som er overført til utjamningsfond er 9 305 672 kroner knytt til resultatet for renovasjon, og 3 799 300 kroner er knytt til resultatet for slam.

Totalt er utjamningsfondet for renovasjon 12 788 576 kroner, og for slam 5 128 394 kroner ved utgangen av året. Utjamningsfond og sjølvkostfond er over-/underskot for sjølvkosttenestene renovasjon og slam. Dette er abonnentane sine pengar og skal tilbakebetalast til abonnentane. Tilbakebetalinga skjer ved å justere prisen selskapet krev for dei ulike tenestene.

Styret vil takke dei tilsette for sin innsats året vi har lagt bak oss.

Ålesund 11. april 2022

Kenneth Langvatn  
Styremedlem

Liv Stette  
Styreleiar

Tor Husø  
Styremedlem

Øystein Peder Solevåg  
Dagleg leiar

# Ja, det nyttar!



arim.no

